



## Referat informasjonsmøte skrantesjuke/CWD

**Møtestad: Kommunestyresalen, kommunehuset i Lærdal**

**Møtetid: Onsdag 4. oktober kl 10.00**

**Til stades:**

Jenny Følling, fylkesordførar Sogn og Fjordane fylkeskommune (ordstyrar)

Anders Ryssdal, Fylkestingsrepresentant, Sogn og Fjordane sin representant i Nordfjellarådet

Karen Marie Hjelmeseter, Fylkestingsrepresentant, leiar for Hovudutval for næring og kultur

Noralf Distad, ordførar Aurland kommune

Oddvar Grøthe, ordførar Hemsedal kommune

Alf Olsen jr., Rådmann Lærdal kommune

CWD-koordinator Lars Nesse

Magnhild Aspevik, landbruksjef Lærdal kommune

Knut Fredrik Øi, kommunal viltforvalter (Aurland fjellstyre, felles landbrukskontor)

Linda Aune, grunneigar Aurland + sambuar

Terje Terum, grunneigar Aurland

Inge Olai Sønderheim, grunneigar

Trond Øien Einemo, Varaordførar Lærdal kommune

Geir Øverland, fjellstyre Aurland

Kristin Rundsveen, rådgjevar til fylkesordføraren (referent)

Fylkeskommunen inviterte dei aktuelle kommunane til møte for å bli informerte om konsekvensane av nedslakting av rein og ev. hjort. Tema for møtet var gjennomføring av saneringa og næringsmessige konsekvensar.

|  |   |
|--|---|
| <b>1. Dagsorden og bakgrunn for møtet</b>  | <b>Fylkesordførar<br/>Jenny Følling</b>                     |
| <b>2. Informasjon om situasjonen og vegen framover</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Historikk om funna og korleis prosessen har vore.</li> <li>• Handteringa i Villreinnemda og i Nordfjellarådet</li> <li>• Erfaringar etter jaktsesongen.</li> <li>• Prøvetakinga har ikkje vore samordna og gjennomført likt</li> <li>• Saknar krisestab frå statleg hald.</li> <li>• Stadig ny kunnskap, mykje spekulasjonar og usikkerheit/irritasjon.</li> <li>• </li> </ul> | CWD-koordinator<br>Lars Nesse                               |
| <b>3. Tiltak for beitenæringer</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Om krisehandteringa.</li> <li>• Sak av nasjonal karakter. Smalt vindauge for aktivering om ein skal utrydda sjukdommen</li> <li>• Beitetiltak: Generelt forbod mot saltstein i kommunane.</li> </ul>   | Christan<br>Rekkedal,<br>Fylkesmannen i<br>Sogn og Fjordane |

|   |  |
|---|--|
| <b>4. Utfordringar for kommunane</b>  |  |
| <b>Lærdal kommune</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Mange meininger og mykje frustrasjon</li> <li>Ein burde teke seg meir tid.</li> <li>Prøvetakinga burde vore lik.</li> <li>Lite og dårlig dialog med styresmaktane som har avgjerdsmynne. Dei burde lytta meir til oss lokale.</li> <li>Det må vere ein vidare prosess før saneringsplanen vert sett i gong.</li> </ul>   | Varaordførar i Lærdal, Trond Øyen Einemo |
| <b>Hemsedal kommune</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Litt andre utfordringar og problem på austsida.</li> <li>Prøver å få møte med landsbruksminister før saneringa startar.</li> <li>Kommunane ikkje med i prosessen, med brukar mykje tid. Kommunane burde vore aktivt med saman med departementet og Mattilsynet.</li> <li></li> </ul>   | Ordførar i Hemsedal, Oddvar Grøthe       |
| <b>Aurland kommune</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Meir prøvar og prøvetaking må gjerast likt.</li> <li>To alternativ: eit er å leggje til grunn at dei smitta dyra er i sone 1, og alt sanerast for å kunne byggje opp att flokken.</li> <li>Det andre alternativet er at ein helde fram som i år. Fornya vurdering av saneringsplan etter eit år.</li> </ul>   | Ordførar i Aurland, Noralv Distad        |
| <b>5. Konklusjon.</b> <ol style="list-style-type: none"> <li>Ordførarane i Aurland, Lærdal og Hemsedal ber om eit møte med Landbruksdepartementet. Dei ynsker meir kunnskap og å få vurdert alternative tiltak før saneringsplanen vert sett i verk.</li> <li>Fylkeskommunen vert invitert med på dette møtet.</li> <li>Samhandlinga mellom dei ulike statlege og lokale aktørane må bli betre</li> <li>Det trengs meir kunnskap om sjukdommen og smittespreiing</li> </ol> |  |